

Handlingsplan for urovekkjande skulefråvær

Definisjon av urovekkjande skulefråvær

Dei fleste barn og unge går på skulen frivillig og utan problem. Det er likevel nokre som har vanskar med å koma seg på skulen. Fråvær frå den pliktige opplæringa kan vera gyldig eller ugyldig og skuldast ulike forhold. Skulevegring vert definert på ulike måtar. I denne rettleiaren nyttar me omgrepet *urovekkjande skulefråvær*.

Urovekkjande skulefråvær er: *Fråvær frå undervisninga og det sosiale fellesskapet i skulen, gyldig eller ugyldig, av eit omfang som medfører uro for eleven si faglege utvikling, samt eleven si sosiale tilhøyrsls- og utvikling (Ingul, 2001).*

Urovekkjande skulefråvær kan kjenneteiknast ved eitt av følgjande:

- Når barnet går på skulen, men forlet skulen i løpet av dagen
- Sporadisk fråvær frå einskildtimar og heile/halve dagar utan gyldig grunn
- Når barnet viser stor motstand mot å gå på skulen uttrykt ved sinne, gråt, redsle, protest og frustrasjon

Skulefråvær kan førekoma på alle trinn. Det er vanleg å skilja mellom skulevegring og skulk.

Omgrepet *urovekkjande skulefråvær* dekker både omgrepene skulevegring og skulk. Meir presist kan ein seia at skulevegring ofte er at eleven har eit emosjonelt ubehag ved å gå på skulen. Eleven kjenner på frykt/angst/fobi og kan klaga over «vondter». Eleven er gjerne interessert i skularbeidet og ønskjer å gå på skulen, men klarer det ikkje. Eleven er heime og føresette veit det. Eleven kan vera innagerande og treng ikkje ha åtferdsvansker.

Ved skulk er eleven ofte uinteressert i og mislikar skule og lekser. Eleven prøver å skjula fråværet for føresette og skulen. Eleven har ikkje frykt

eller angst for å gå på skulen. Eleven er gjerne utagerande og kan ha åtferdsvanskar.

FAKTA

Urovekkjande skulefråvær sin funksjon, fire undergrupper

(Kearny, 2001)

Unngå negative opplevingar

1. Unngå stimuli som vekker generell negativ affekt eller emosjonelt ubehag.
Vegringa er ofte ikkje knytt til spesifikke situasjonar, men eleven opplever generelt ubehag i skulesituasjonen. Dersom eleven unngår skulen og dermed også unngår den negative opplevinga, vil vegringsåtferda verta forsterka og halda fram. I nokre tilfelle er ubehaget knytt til bestemte situasjonar som eleven vil forsøka å unngå, for eksempel skulegarden, brannalarm eller ein bestemt vaksen på skulen.
2. Unngå ubehagelige sosiale situasjonar eller evalueringssituasjonar. Skulevegringa sin funksjon er her meir knytt til at eleven unngår situasjonar der han må eksponera seg sosialt eller vert evaluert, for eksempel å snakka høgt i klassen, snakka med medelevar eller ha prøve.

Oppnå positive opplevingar

3. Oppnå merksemrd frå foreldre eller viktige andre. I dette tilfellet er ikkje vegringa sin funksjon å unngå ein negativ situasjon, men at eleven oppnår noko positivt, i form av merksemrd. Den positive merksemnda vil oppretthalda og forsterka eleven si vegringsåtferd.
4. Oppnå gode utanfor skulen. Her er vegringa sin funksjon også å oppnå noko positivt. Meir spesifikt kan det vera påskjønning eller andre konkrete gode som for eksempel TV, dataspel, vera med venner, shopping eller rus.

Kearny (2001) viser at det er eit visst mønster i at funksjon 1 og 3 oftast gjeld for yngre barn, medan funksjon 2 og 4 er vanlege for eldre barn og unge.

Skulevegringa sin funksjon kan også endra seg over tid for den enkelte elev.

Årsaker til urovekkjande skulefråvær, risiko og faktorar som beskyttar:

Urovekkjande skulefråvær synes å vera ein samansett tilstand med mange faktorar som bidreg til at problemet oppstår (Ingul, 2005 m.fl.). Årsakene er gjerne samansette og mangfoldige, der faktorar ved individ og miljø påverkar kvarandre. Nedanfor følgjer eksempel på risikofaktorar og faktorar som beskyttar i høve til utvikling av urovekkjande fråvær.

	Risikofaktorar	Faktorar som beskyttar
Faktorar hos eleven	<ul style="list-style-type: none"> • Sårbar for stress • Sjenert, blyg og inneslutta • Psykiske vanskar • Bekymring for andre ting enn skulen • Låg sosial kompetanse • Få/ingen venner 	<ul style="list-style-type: none"> • God sosial kompetanse • Prososiale ferdigheiter • Minst ein god venn • Gode meistringsstrategiar • Positivt sjølvbilete • Skulefagleg meistring
Faktorar ved familien	<ul style="list-style-type: none"> • Samspelsvanskar i familien • Psykiske lidingar hos føresette • Manglande grensesetting • Lite sosialt nettverk • Einslege foreldre 	<ul style="list-style-type: none"> • God psykisk helse hos føresette • Tydeleg grensesetting • Aktiv involvering i skulekvardagen til barnet • Støttande sosialt nettverk

	<ul style="list-style-type: none"> • Føresette med eigne negative erfaringar knytt til skulen • Føresette er utrygge på om barnet har det bra på skulen 	<ul style="list-style-type: none"> • Godt samarbeid heim og skule
Faktorar ved skulen	<ul style="list-style-type: none"> • Manglande rutinar for registrering og handtering av fråvær • Høgt lærarfråvær • Dårleg klasse- og læringsmiljø • Mobbing: barn-barn, vaksen - barn • Liten kompetanse på psykiske vanskar • Lite tilpassa opplæring • Lite strukturert undervisning 	<ul style="list-style-type: none"> • Godt registreringssystem og oppfølging av fråvær • Tydeleg klasseleiing • Tilpassa opplæring • Trygg relasjon mellom lærar, elev og elevane imellom • Interne støttesystem • Tidleg involvering av andre aktørar • Handlingskompetanse på intervension ved skulevegring

Tidlege teikn på urovekkjande fråvær kan vera:

- Forseintkoming
- Sporadisk fråvær frå enkelttimar eller dagar (med eller utan gyldige meldingar)
- Teikn på mistrivnad hos eleven.
- Ekstremt inneslutta eller sjener
- Er svært utrygg ved skulestart eller ved skulebyte, og ordinære tiltak for å trygga eleven hjelper ikkje
- Snakkar aldri høgt i klassen
- Snakkar ikkje med vaksne/melevar eller berre med utvalde vaksne eller melevar
- Viser motstand mot å vera ute i friminutt, eller er avhengig av at ein bestemt vaksen eller medelev er til stades
- Har ofte fysiske plager, for eksempel vondt i hovudet eller magen
- Gir nonverbalt og verbalt uttrykk for å vera nedstemd eller redd, generelt eller knytt til spesifikke situasjonar på skulen
- Trekkjer seg tilbake frå sosial samhandling og/eller skulerelaterte aktivitetar
- Viser utagerande åtferd, for eksempel sinne i situasjonar der eleven vert utsett for krav i skulekvardagen
- Viser motstand mot å delta eller forsøkjer å unngå enkelte fag, situasjonar eller aktivitetar på skulen
- Ringjer ofte heim i skuletida eller ønskjer å gå heim i løpet av dagen

Førebygging og handtering av urovekkjande skulefråvær

Fråværsrutinar

Tryggheim ungdomsskule har denne rutinen for føring av fråvær:

1. Føring av fråvær

- Alle lærarar er ansvarlege for å føra fråvær frå sine timar.
- Kontaktlærar undersøker fråværet hos elevane og har oppfølgingsansvaret.

2. Melding om fråvær

Skulen skal gje føresette informasjon om dei rutinane som gjeld ved fråvær. Ved fråvær skal føresette ringa, senda SMS, e-post eller skriva melding i WismaFlytSkole. Kontaktlærar avtalar korleis dette skal gjerast med si foreldregruppe. Dersom barnet viser motstand mot å gå på skulen, skal foreldra melda frå til skulen om dette.

3. Kontakt mellom skulen og heimen

Tett og godt samarbeid med heimen er viktig for å lukkast i arbeidet med urovekkjande skulefråvær. Foreldra må få god informasjon om kva urovekkjande skulefråvær er, og få kjennskap til skulen sin prosedyre i slike saker.

- Ved fråvær melder føresette frå til skulen første fråværsdag.

b. Kontaktlærar tek kontakt med heimen i flg. Tilfelle:

- Når ein elev har vore vekke frå skulen 3 dagar, utan at føresette har kontakta skulen og meldt frå om sjukdom eller annan gyldig grunn for fråværet.
- Når ein elev har hyppig fråvær, sjølv om fråveret er dokumentert av føresette.
- Når det er grunn til å mistenkje ugyldig fråvær, også når fråværet gjeld enkelttimar.
- Kontaktlærar gjer og melding til leiinga ved skulen.

- Ved uro knytt til fråvær og dersom det er noko anna enn kronisk sjukdom, feber eller omgangssjukdom, skal kontaktlærar kalla inn føresette til møte. Skulen må kartleggja situasjonen rundt eleven. Det må vurderast om årsaka til fråværet ligg i skulemiljøet.

- **Foreldreansvar:** På dette møtet vert foreldreansvaret understreka, og det vert gitt ein frist på 2-3 dagar til å koma på skulen for så å følgja det faste undervisningsopplegget. Foreldra må også orienterast om rutinane vidare. Det kan eventuelt setjast i gang tiltak umiddelbart.
 - **Straffeansvar:** Dersom ein elev i grunnskulen utan å ha rett til det har fråvær frå den pliktige opplæringa, kan foreldra eller andre som har omsorg for eleven, straffast med bøter dersom fråværet kjem av at dei har handla forsettleg eller aktlaust.
Offentleg påtale blir ikkje reist utan når kommunen set fram krav om slik påtale.
- d. Dersom eleven etter slikt møte (punkt c.) fortsatt ikkje klarer å møta på skulen, skal skulen/leiinga sørja for vidare oppfølging og kontakt mellom skulen og heimen. Ein nyttar då kartleggingsskjema/sjekklistar som finns bak i denne rettleiaren. Skulen skriv referat med klar ansvarsfordeling eller bruker eksempel på Plan for samarbeid som også ligg bak i denne handlingsplanen.
Det kan også vera tenleg å drøfta saka med kontaktperson for PPT og helsesøster.
- e. Ved forseintkoming og ugyldig fråvær frå enkelt timer, skal føresette informerast. Dersom dette gjentek seg, skal leiinga informerast og skulen kallar inn til møte med føresette og eventuelt eleven. Kartlegging vert gjennomført og ansvarsfordeling vert avklart.
- 4. Arenaer for drøfting av fråvær på skulen.**
- a. Fråvær hos elevane skal vera faste tema på trinn-/ lagmøta.
 - b. Leiinga går gjennom fråværstrendinga og skulen sitt samla elevfråvær minst ein gong pr semester.
 - c. Dersom fråværet held fram etter at skulen har følgt rutinane sine (kartlegging/sjekklistar og ansvarsfordeling/ samarbeidsavtale/ opptrappingsplan), kan fråværet drøftast i sosialpedagogisk team dersom dette ikkje fører til unødvendig venting.
 - d. Leiar avgjer om saka skal meldast til leiar for PPT.

Kartlegging

	Vanskeleg/bekymra Ja eller nei	Gradering 0 - 10
At du kan kome til å bli erta/mobba på skulen		
At du kjem til å bli aleine/einsam på skulen		
At du skal få spørsmål om kvifor du ikkje har vore på skulen i det siste		
At du er vekke frå mamma/pappa		
At du skal få det veldig ubehageleg fordi læraren er sint		
At du skal grue deg for skullearbeid eller prøvar		
At du blir nødt til å framføre noko for klassen		
At du blir nødt til å svare på spørsmål i klassen		
At du blir nødt til å spørje om hjelp til noko frå lærarar		
At du blir nødt til å spørje om hjelp frå andre elevar		
At du må gå på toalettet i løpet av skuledagen		
At du skal ha gym i løpet av dagen og syns du ikkje er noko flink i gym		
At du skal ha gym i løpet av dagen og ikkje har lyst til å byte saman med dei andre		
At det i løpet av skuledagen skal skje noko som ikkje er planlagt og som du ikkje veit korleis du skal handtere		
At det ikkje er ein vanleg dag på skulen, og at du ikkje heilt har oversikt over kva som kjem til å skje		
Andre ting:		

Kartlegging av skulesituasjonen frå skulens personell	Notat:
<p>Fråvær og vegringsåtferd hos eleven (Varighet og hyppigheit av fråvær, fråværsmønster, heile dagar og / eller enkelttimar. Fråvær knytt til fag, situasonar, personar, aktivitetar.) Mønster av vegringsåtferd utan fråvær, dvs at eleven forsøker å unngå enkelte fag, situasjonar, personar, aktivitetar.) Har eleven tidlegare i skuleløpet hatt mykje fråvær eller vist vegringsåtferd</p>	
Vert eleven plaga eller mobba på skulen, skulevegen eller fritida?	
Vurdering av skulefagleg- og sosialkompetanse. Fag/område der eleven viser meistring og trivsel Fag/område der eleven har vanskar	
Enkeltsituasjonar der eleven klarer å møta på skulen eller delta i aktivitetar som han/ho vanlegvis har vanskar med å delta i. Kvífor gjekk det bra denne gongen?	
Kva viktige vaksenrelasjoner har eleven på skulen og korleis fungerer desse?	
Kva viktige relasjoner har eleven til jamaldringar på skulen?	
Er skulekvardagen organisert, strukturert og førehandskjend for eleven?	
Kva tiltak er prøvd på skulen og korleis har dette fungert? Kva tiltak er sett i gang i skule-heim samarbeidet og korleis fungerer det?	
Forslag til tiltak:	

Sjekkliste for informasjon frå eleven	Notat
Kva fag, situasjonar eller aktivitetar er det eleven liker?	
Er det fag, situasjonar eller aktivitetar som eleven opplever som vanskelege eller ubehagelege? (Lesa høgt eller svara på spørsmål framfor klassen, ha prøver, ha kroppsøving, fag der eleven må eksponera seg i ei gruppe, snakka med vaksne på skulen, be læraren om hjelp, jobba saman eller leika med medelevar, bruka skulen sine toalett, eta i klassen, reisa heimanfrå om morgonen, forlata foreldra, skulevegen...)	
Har eleven vondt følelsar knytt til nokre av situasjonane ovanfor eller meir generelt i forhold til skulesituasjonen? Kva slags følelsar kan det dreia seg om? (trist, redd, flau, nervøs, engsteleg, sint)	
Har eleven negative tankar knytt til nokre av situasjonane ovanfor eller meir generelt i forhold til skulesituasjonen? Kva er det eleven tenker? (Bekymringar, negative forventingar, tankar om kva som er skummelt eller vanskeleg)	
Har eleven andre bekymringar eller har eleven opplevd noko utanfor skulen situasjonen som han/ho er oppteken av?	
Vert eleven plaga eller mobba på skulen, skulevegen eller på fritida?	
Er det situasjonar eller aktivitetar utanfor skulen i skuletida som gjer det fristande for eleven å ikkje møta opp? (dataspel, møte venner, shopping, god mat, andre hyggelege ting som skjer heime)	
Kva lærarar eller andre vaksne på skulen har eleven eit godt forhold til, evt eit negativt forhold til?	
Situasjonar der eleven klarer å møta på skulen eller delta i aktivitetar som han/ho til vanleg har vanskar med å delta i? Kva var det som gjorde at det gjekk bra?	
Er skulekvardagen oversikteleg og førehandskjend for eleven? (har eleven oversikt over skuledagen og skuleveka, kva lærar/assistent som er inne i dei ulike timane, kven kan eleven gå til dersom det er behov for ein samtale, osv.)	
Har eleven gode venner?	
Eleven sine ynskjer og mål for korleis skulesituasjonen skal vera?	
Forslag til tiltak:	

Sjekkliste for informasjon frå føresette	Notat
Føresette si oppleving av eleven sin generelle trivsel på skulen og i fritida.	
Føresette si beskriving og forståing av eleven sine vanskar. Tenker føresette det kan dreia seg om skulevegring eller er det andre forklaringar?	
Vert eleven plaga eller mobba på skulen, skulevegen eller i fritida?	
Beskriving av eventuell vegringsåtferd heime (Er det vanskeleg å få eleven til å gjera seg klar til å gå på skulen om morgonen, har elevene fysiske plager i samband med krav om skuleoppmøte, men er elles frisk)	
Dersom eleven har fråvær, kva skjer i tida eleven er vekke frå skulen? (dataspel, besøk av familie, ekstra merksemd frå føresette, treffer venner utanfor skulen, skulearbeid)	
Helsemessige forhold av betydning for eleven si fungering og fråvær (eventuell sjukdomshistorikk, søvnrytme, matlyst)	
Har det skjedd plutselige endringar eller belastingar i familien som kan setjast i samband med eleven sine vanskar? (skilsmissa, flytting, søsken, sjukdom osv.)	
Enkeltsituasjonar der eleven klarer å møta på skulen eller delta i aktivitetar som han/ho vanlegvis har vanskar med å delta i. Kva tankar har føresette om kva det var som gjorde at det gjekk bra i den situasjonen?	
Føresette si ansvarsfordeling når det gjeld å følga opp skule og skuleoppmøte.	
Eventuelt andre instansar som er involvert i familien.	
Eventuelle andre støttespelarar i familien sitt nettverk	
Kva tiltak er prøvd ut heime og korleis har dett fungert? (Morgonrutinar, bytte av roller mellom føresette, samtale med eleven)	
Føresette sine ynskjer og mål for eleven si framtidige fungering.	
Forslag til tiltak:	

Samarbeidsavtale mellom elev, skulen, føresette og eventuelt andre involverte:

Langsiktige mål for samarbeidet:

Opptrappingsplan/delmål:

(Kvar trinn inneber delmål med auka utfordringar for eleven. Delmåla skal tilretteleggja for meistring. Spesifiser kor lenge kvar trinn skal vara.)

Delmål/trinn 1: (fag/situasjonar/dagar der eleven deltek, eleven sitt behov for tilrettelegging eller støtte i utfordrande situasjonar)

Delmål/trinn 2: (fag/situasjonar/dagar der eleven deltek, eleven sitt behov for tilrettelegging eller støtte i utfordrande situasjonar)

Delmål/trinn 3: (fag/situasjonar/dagar der eleven deltek, eleven sitt behov for tilrettelegging eller støtte i utfordrande situasjonar)

Generelle tiltak og ansvarsfordeling(Alle involverte partar skal ha sine ansvarsområde)

Kontaktlærar har ansvar for:

Sosiallærar har ansvar for:

Leiinga på skulen har ansvar for:

Føresette har ansvar for:

Eleven har ansvar for:

Andre involverte (PPT, familiesenteret, oppvekstkoordinator, helsesøster, lege, BUP...) partar har ansvar for:

Plan B:

Dersom eleven ikkje klarer å møta som avtalt skjer dette :
(Kven gir informasjon/ringer kven? Kven gjer kva for å tilretteleggja for eleven si deltaking?
Skal ein mælda bekymring til barnevernstenesta? Tilbod om samtale på familiesenteret?)

Evaluering:

Form på og plan for evaluering av tiltaka vert avtalt (Evaluering bør skje fortløpande saman med eleven med vekt på meistring av delmål. Dato for neste møte og innkallingsansvar bør spesifiserast)

Eksempel på samarbeidsavtale mellan skulen, Per, føresette og PPT.

Langsiktige mål for samarbeidet:

Per skal delta i klassene sine aktivitetar og trivast på skulen. Dette skal skje etter ei opptrapping og i eit tempo Per kan akseptera og handtera.

Opptrappingsplan/delmål:

Kvart trinn i planen gjeld for to veker.

Trinn 1: Per skal møta på skulen ti på ni (etter at elevane har gått til time) mandag, onsdag og fredag. Han skal gå til grupperom med sosiallærar/ annan lærar og vera i to timer i ein - til-ein-undervisning. Per skal delta i musikk på onsdagar. Han kan velja om han vil gå ut i friminuttet eller vera inne på grupperom. Etterpå skal Per gå heim og gjera lekser i to timer kvar dag. Dette gjeld også dei dagane han er heima.

Trinn 2: Fortsetja med oppmøte og lekser som på trinn 1. Sosiallærar/annan lærar tek med seg to andre elevar i timane. I tillegg skal Per delta i mat & helse og ha data saman med halve klassen på fredag. Sosiallærar skal vera med i desse timane den første tida.

Trinn 3: Per skal møta på skulen slik dei andre elevane gjer, og vera på skulen heile skuledagen. Han skal fortsetja å ha timer med x lærar i lita gruppe før midttimen mandag, onsdag og fredag. Ein time på onsdagar skal brukast til bandøving i grupperommet. Per må ha høve til å gå ut av timane i klassen dersom det vert for vanskeleg å vera der. Han skal då gå til kontoret å seia i frå til trinnleiar. I friminutta skal det vera høve til å vera inne på grupperommet dersom han ønskjer det.

Trinn 4: Per skal vera til stades i alle skuletimar utan å gå ut. Han skal delta på prøvar, men ha høve til å putta prøven i sekken og, etter avtale med lærar, gjera prøven ferdig heime til neste dag.

Han skal ikkje trenga svara høgt på noko i klassen, dersom han ikkje sjølv har rekt opp handa.

Trinn 5: Per deltar på skulen på linje med andre elevar.

Generelle tiltak og ansvarsfordeling

Kontaktlærar har ansvar for:

- laga ein tilpassa arbeidsplan for Per.
- støtta Per i å opprette sosiale band til andre i klassen, for eksempel ved å organisera gruppearbeid der han er på gruppe med elevar han kjem godt overeins med.

Sosiallærar har ansvar for:

- Koordinera med faglærar for å få utarbeida eit tilpassa undervisningsopplegg, ein-til-ein og i gruppe.
- Gje tilbakemelding kvar veke på e-post til føresette.
- Organisera friminuttgrupper rundt eleven.
- Kartleggja situasjonen rundt erting av Per, og setja inn eventuelle tiltak jmf mobbeplanen.

Skuleleiinga har ansvar for:

- Gje nødvendig støtte til kontaktlærar og sosiallærar i gjennomføringa av planen og frigjera dei frå nokre andre fellesoppgåver i ein periode. Finna ei fast samarbeidstid der kontaktlærar, sosiallærar og trinnleiar kan møtast for å evaluera tiltaka i skulesituasjonen
- Informera faglærarar som kjem i kontakt med tiltaka.
- Ta kontakt med PPT. Vurdera eventuell tilvising.

Føresette har ansvar for:

- At Per møter på skulen som avtalt.
- At Per har oversikt over tiltaka.
- Mor følgjer opp lekser.
- Snakka med Per om det kan vera mogleg å begynna på ein sosial aktivitet utanfor skuletida.

PPT har ansvar for:

- Gje nødvendig rettleiing til skulen og føresette
- Utgreia fagvanskar.
- Planleggja møteagenda saman med skulen si leiing.

Per har ansvar for:

- øva på å dra heimanfrå og delta på skulen, dessutan gjera lekser.
- Gje uttrykk for kva som fungerer og kva som er vanskeleg i skulesituasjonen, til føresette og sosiallærar. Per skriv logg saman med sosiallærar.

Plan B

Dersom Per ikkje kjem på skulen, skal føresette og sosiallærar snakka saman. PPT vert kontakta. I utgangspunktet skal planen fylgjast og Per skal koma litt seinare på dagen.

Sosiallærar snakkar med Per på telefonen og lager ein avtale om oppmøte. Per kan få tilbod om å gå til faste samtalar på familiesenteret. Føresette følger opp

denne avtalen.

Evaluering:

Per og sosiallærar har fast samtale kvar fredag om korleis planen fungerer. Annakvar fredag innkallar skulen til samarbeidsmøte med Per, sosiallærar og leiinga til stades. PPT vert innkalla ved behov. Tverrfagleg møte (sosialpedagogisk team) skal haldast i veke 16, for å evaluera tiltaka og leggja ein vidare langsiktig plan.

Neste møte:

Dato: _____

Underskrift elev

Underskrift føresette

Underskrift skule